DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sveio

# REFERAT MØTE I SVEIO SOKNERÅD

| | |
|---|---|
| Dato: | 12.03.2026 |
| Desse møtte: | Anne Vierdal, Rune Hjelmeseter, Astrid Furdal<br>Leiv Rossehaug, Sigrund Breistig, Hildur Larsen, Solfrid Habbestad,<br>Lars Severin Reiersen, Eirik Aadland Tappel, Lars Edvart Larsen |
| Fråvær: | Richard Stokkenes, Bente Johannessen |
| Referent: | Sigrund Breistig |

| | |
|---|---|
| SR 11/26 | **Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden**<br><br>**Vedtak:**<br>Innkalling og sakliste blei godkjent.<br><br>**Eventuelt:**<br>Ingen saker til eventuelt. |
| SR 12/26 | **Godkjenning av referat frå førre møte.**<br><br>**Vedtak:**<br>Soknerådet godkjenner referatet. |

| | |
|---|---|
| SR 13/26 | **Gudstenester sidan sist:**<br><br>Gudstenestene 18. januar, 8. februar og 15. februar vart gjennomførte som planlagt. Det vert meldt om fine og gode gudstenester, utan spesielle forhold å merke seg. |
| SR 14/26 | **Utvalgsmøter sidan sist.**<br><br>**Fellesrådet**<br>Saker som har vore handsama i fellesrådet var blant fleire:<br>• Gjennomgang av rekneskap og budsjett.<br>• Oppstart utgreiing av universalutforming i kyrkjene.<br>• Brannvern kurs – Dagfinn Bjørge vil ha gjennomgang av rutinar og brannvern.<br>Referat frå møte er publisert på kyrkja si nettside.<br><br>Solfrid informerer om opppussing av sakrestiet i Sveio kyrkja. Barnemøbler og leikekrok er kome på plass framme i kyrkja.<br><br>**Kyrkjevertgruppa**<br>Hildur sender ut invitasjon til alle kyrkjevertar om kurs i brann<br><br>**Utval for kyrkjeleg undervisning og læring (KUL)**<br>Møte gjennomført 5. mars.<br>• Det er ønskjeleg å involvere MILK-medlemmer i møta framover for å få innspel frå ungdom.<br><br>• LysVaken kan i framtida vere eit felles arrangement i kommunen. Det er òg foreslått som eit dagsarrangement utan overnatting. Arrangementet er planlagt i Valestrand i november 2026.<br><br>• Nytt arrangement på soknehuset: middag på soknehuset. Målgruppe: alle.<br><br>**Evaluering av konfirmantleir ved Sjømannskirken i London 19. – 22. februar 2026**<br>Summa summarum en vellykket konfirmantweekend der mange av konfirmantene hadde det så kjekt at de ikke ville dra hjem igjen til |

| | | |
|---|---|---|
| | | Norge. Vi hadde med oss noen gode og kompetente frivillige ledere. Her noen punkter:<br>*Det er viktig at konfirmantene i forbindelse med innskrivingen skriver navn på tre personer som de kjenner og som de liker å være sammen med.<br><br>*Det er viktig å redusere mobilbruken. Det er lurt å samle inn mobilene til konfirmantene før undervisning og kveldsavslutning. Det kan også være lurt å samle inn mobilene før de går og legger seg, men da må konfirmantene vite at de kan henvende seg til en av nattevaktene hvis det er noe de må få snakket om.<br><br>*Det fungerte fint med undervisning om England ved Kjetil Eldøy, bilder fra National Gallery ved Eirik Aa. Tappel, og om Sjømannskirken ved Geir Øy.<br><br>*Vi la opp til kvelds ro på lugarene rundt midnatt. Det bør kanskje fremskyndes til kl. 23.00 slik at konfirmantene er mer opplagt til vekking kl. 08.00.<br><br>*God og grundig organisering og forberedelse med blant annet foreldremøter, program/ansvarsliste, oppdatert pass/helsekort/ETA, «to whom it may concern», innhenting av politiattest fra ledere, kontrakt/ordensregler, gudstjeneste med besøk av Sjømannskirken. Alle kjente seg trygge og godt ivaretatt.<br><br>*Det fungerte best at bare de som tilhørte lugarene var på lugarene. Hvis de ønsket å treAe andre kunne de treAe dem i matsalen og grupperommene.<br><br>*En bør begrense innkjøp av snop og brus på de lokale butikkene. Det førte til at noen av konfirmantene fikk litturolig søvn.<br><br>*På lørdagen bør en ha middag på kirken tidligere, f.eks. kl. 18.00.<br><br>*Vi gjorde noen rokeringer på konfirmantgruppene underveis da vi så gruppene ikke fungerte optimalt. Det er lurt å her være litt fleksibel.<br><br>*Det er fint om menigheten hjemme i Norge ber for konfirmantleiren under forbønnen søndagen før leir og søndagen konfirmantene er på leir. 1<br><br>*Det var mange fine tracks i «London Track hefte» til Sjømannskirken. En tur innom Holocaust-utstillingen på Imperial War Museum og National Gallery bør være obligatorisk. Når en er på National Gallery bør en på forhånd informere gruppene hvilken sal en skal besøke og si litt om bildene («Emmaus vandrerne» i sal 32, «Jesus og barna» (denne gangen var dette bilde til utlån til et annet museum), og «Solsikker» av van Gogh i sal 43, og Monet i sal?). |

| | |
|---|---|
| | *Det kan være lurt at ett gutterom og ett jenterom har en seng som er ledig slik at en kan gjøre en romrokering hvis det er nødvendig.<br>*En bør kanskje også legge til rette for en aktivitet i «London-track heftet» som handler om å gjøre noe aktivt f.eks. å besøke et «Escape-room» eller sykle i Hyde Park. «IFS Cloud Cable Car» var populært.<br><br>*Det er lurt at gruppelederne treAer konfirmantene før leiren og etablerer en relasjon og Snap-chat gruppe.<br><br>*Lurt å ha litt tid i gruppene etter underholdningen der gruppeleder spør konfirmantene hvordan dagen har vært (tanker/inntrykk). Her bør en kanskje sett av 20-30 min.<br><br>*Fin gudstjeneste med nattverd og god preken over søndagens tekst som inkluderte konfirmantene og musikalen Lion King.<br><br>*Det fungerte fint med en tur til Tower Brigde og tur i parken ved Sjømannskirken før avreise med buss til flyplassen kl. 15.00. Da fikk aller beveget seg litt før mye sitting i forbindelse med hjemreisen.<br>Eirik Aadland Tappel, 02.03.2026<br><br>**Diakoniutvalet**<br>Det vart halde møte i diakoniutvalet i januar, med gjennomgang av status i besøkstenesteprosjektet og aktivitetar i regi av utvalet.<br><br>Besøkstenesta hadde i januar 5 personar som mottok besøk og 4 aktive besøksvener. Prosjektgruppa for besøkstenesta hadde eige møte etter dette og sette i verk ein promoteringskampanje av prosjektet, med reklame på Facebook, i Vestavind og på kommunen sine nettsider.<br>I mars er det 9 personar som mottar besøk, og 7 personar er besøksvener.<br><br>Songkafé skal gjennomførast seks gonger i året. Det er svært god oppslutning om arrangementa, med rundt 60–70 deltakarar. Arrangementa består av song, kafé og ulike faglege innslag.<br><br>Laurdagsgraut vert arrangert fire gonger i året, med ei oppslutning på rundt 30 deltakarar.<br>Vertskap på soknehuset er ein idé som er løfta. |
| SR 15/26 | **Orientering frå møte med Valestrand og Førde sokneråd om konfirmantarbeidet**<br><br>Det er gjennomført møte med soknerådet i Valestrand og prestane for å drøfte konfirmantopplegget for komande konfirmantår.<br>Plan for konfirmantprogrammet vil bli presentert på felles møte for begge sokneråda 23. april. |
| SR 16/26 | **Fasteaksjonen 2026 tysdag 24. mars** |

| | |
|---|---|
| | Tysdag før palmesøndag gjennomfører konfirmantane innsamlinga Fasteaksjonen. I år vert det 24. mars.<br>Frivillige til å ta del på fasteaksjonen;  Rune Hjelmesether<br>Det er ønskjeleg med to personar i tillegg til å være med. Rune spør frivillige. |
| SR 17/26 | **Kyrkjelydens årsmøte søndag 22. mars**<br><br>Årsmøtet er sett til søndag 22. mars, etter gudstenesta, på soknehuset med kyrkjekaffi. Gruppe 2 er kyrkjevertar denne dagen. Annonsering i Vestavind. |
| SR 18/26 | **Oppretting av rolla «dagleg leiar» for Sveio sokn samt tildeling av signaturrett**<br>Rolla som dagleg leiar vert oppretta, og signaturrett vert gitt til dagleg leiar og styreleiar kvar for seg. Sigrund og Lars signerte. |
| SR 19/26 | **Universelt utforma tilgang til scenen/koren i Sveio kyrkje?**<br>Fellesrådet ønskjer innspel frå soknerådet om universelt utforma tilgang til «scena» i kyrkja. Solfrid Lier Habbestad orienterte.<br>Saka vert teken opp att i neste soknerådsmøte. |
| SR 20/26 | **Eventuelt** |
| SR 21/26 | |